



Flåm AS er ein av Noregs leiande reiselivsaktørar. Flåm er største reiselivsmål i Noreg utanom dei store byane. Flåm AS og tilknytte selskap driv reisemålsutvikling med globalt sal og distribusjonsapparat, hotell, pensjonat, kafé, restaurantar, Flåmsbana og fjordsightseeing samt kundesenter og andre destinasjonskritiske operasjonar. Samla omsetjing er om lag 300 millionar. Det er i dag 65 heilårstilsette og 200 sesongarbeidarar. Verksemda har god lønsemd og er i sterk vekst. Vi vil byggje våre konkurransefortrinn ved å skape innovasjon, produktivitetsutvikling og resultatfokus i tett samarbeid med strategiske partnerar.

### **Teamleiar kundesenter**

Vårt kundesenter har fokus på gode haldningar og høg grad av kundeservice. Me søker difor etter ein motivert og engasjert person, som likar å jobbe i eit hektisk miljø. Du er strukturert og i stand til å jobbe sjølvstendig, og vil vera vårt ansikt utad til kundar og gjester.

Du som søker må ha ei profesjonell haldning, gode kvalifikasjonar, vera kundeorientert og ha erfaring frå å leie team. Det vert forventa at du meistrar utfordringar og er ein del av det daglege arbeidet på avdelinga. Du vil få relevant opplæring og me tilbyr ein spanande stilling i ei næring i sterk vekst. Her vil du få moglegheit til å påverke eigen karriere og utvikling. Det er ein fordel om du ynskjer å etablere deg i Flåm.

Arbeidsoppgåver vil vera:

- Leie team
- Sal og kundeservice
- Booking og informasjon via telefon, e-post over disk
- Støtte til avdelingsleiar

Arbeidsperioden er frå mars til oktober i 2017.

Løn og tilsetjing etter avtale – øvrige arbeidsvilkår i samsvar med Flåm AS sine retningslinjer.

Arbeidsstad: Flåm

### **Søknadsfrist er den 15. Januar 2017**

Om du ynskjer meir informasjon rundt stillinga, ver venleg å ta kontakt Erica Edmundson på telefon +47 940 01 087.

Send ein kort søknad med CV til Erica Edmundson på epost: [erica.edmundson@visitflam.com](mailto:erica.edmundson@visitflam.com)